



Utdanningsmelding

2005/2006

Det historisk-filosofiske fakultet

Universitetet i Bergen



1 Studietilbudet ved fakultetet

HF-fakultetet hadde 2005-2006 ei programportefølje som omfatta 17 bachelorprogram. Ingen nye program er starta i studieåret, og fakultetet har ikkje teke opp studentar til dei tre opne årsstudia våre. Bachelorprogramma i musikk og i musikk - tradisjonsmusikk er disiplinære program, og vidare har vi åtte tverrfaglege bachelorprogram og seks tverrfakultære program på lågare grad. Fakultetet har to integrerte masterutdanningar innanfor lærarutdanninga og ei rekkje årsstudiar i skulefaga. Våre 26 masterprogram er i hovudsak disiplinorienterte.

Studieprogram	2004-2005	2005-2006	Endring
Årsstudium	17	14	-3
Bachelorprogram, tverrfaglege (HF)	8	8	0
Bachelorprogram, tverrfakultære	6 (oppdatert tall)	6	0
Bachelorprogram, opne	3	3	0
Masterprogram	26	26	0
Integrerte masterprogram	2	2	0
Sum	62	59	-3

Emnetilbudet

I 2005 hadde vi 621 emne ved fakultetet, i 2006 var talet 653. Ein del av endringane kjem frå studieplanendringar, der gamle versjonane framleis blir tilbydde nokre semester. Vi har òg nokre heilt nye emne på fakultetet. Emnet *Praktisk informasjonsarbeid* er eit nybrottsarbeid; det er tverrfagleg og studentane har praksis i bedrifter i Bergensområdet. Eit anna spanande tilbod på emnenivå er det tverrfagleg *Innføring i psykoanalyse*, som er eit samarbeid mellom HF og Psykologi. I tillegg har fleire program (bachelorprogram i Europastudiar, retorikk, idèfag og Midtausten) fått godkjent spesielle programemne, som er utvikla for å understreke dei einskilde programma sin særskilde profil. Fakultetet har òg nye emne i etter- og vidareutdanning i fransk, tysk og spansk.

Fakultetet nyttar seg i stor grad av kurstilbudet frå Universitetsbiblioteket i informasjonskompetanse. Førstesemesterstudiet har eit eige opplegg for Akademisk skriving. I tillegg har 12 fag og eit studieprogram hatt kurs ved UB dette studieåret, og dei utanlandske studentane har hatt tilbod om eit eige opplegg tilpassa denne studentgruppa. Samarbeidet mellom UB og fagmiljøa våre ser ut til å fungere godt, og fleire fag har kontakta UB for å få tilpassa sine fag til undervisningsopplegget.

PhD-studentane får alle tilbod om et startseminar. I tillegg deltar dei i kurs ved forskarskulane og ved Senter for vitenskapsteori.

Førstesemesterstudiet

Førstesemesterstudiet på HF varierer etter kva program studentane går på. Fakultetet har lagt ned eit stort arbeid i førstesemesterstudiet, både reint fagleg, men også praktisk (til dømes gjennom siteringsteknikk) og administrativt. Denne heilskapen fungerer godt for dei tverrfaglege programma våre. I nokre av dei tverrfakultære programma er førstesemesteret sett saman av både emne frå HF og SV, og for desse programma har vi framleis eit stykke veg å gå før vi, fagleg og meir praktisk, er på nivå med dei tverrfaglege programma. Studentar som vel emne på tvers av de faglege tilrådingane eller som har tatt deler av førstesemesterstudiet frå før, kan også få problem med heilskapen.

Eitt av ex.fac-emna våre, akademisk skriving, vart heidra med UiB sin uglepris og andre plass i utdanningskvalitetsprisen til departementet dette studieåret.

2 Studentdata

2.1 Opptak

904 studieplassar vart lyst ut gjennom Samordna Opptak for studieåret 05/06, noko som er ein reduksjon på 261 studieplassar frå førre studieår. 1777 primærsøkjarar melde seg og 1638 tilbod vart gjevne. Hausten 2005 var det 976 nye studentar ved fakultetet. Studentane fordelte seg slik på tilboda våre:

- Integrert lærarutdanning: 34
- Bachelorprogram: 671
- Årsstudiar: 271

Samanlikna med studieåret før er dette ein reduksjon i opptekne på årsstudia med i overkant av 100 studentar, medan opptakstalet er litt høgare på bachelorprogramma.

Hovudopptaket til masterprogramma skjedde i haustsemesteret dette studieåret, med suppleringsopptak om våren for dei programma som hadde ledig kapasitet og som ønskte å ta opp studentar i vårsemesteret. 423 søkte opptak til master i studieåret og 253 studentar fekk tilbod om opptak.

2.2 Resultat 2005-2006

Studiepoeng, studentar, gjennomføring										
	studiepoeng				studentar				stp/student	
	H2004	V2005	H2005	V2006	H2004	V2005	H2005	V2006	2004-05	2005-06
Lågare grad	898	1023	958	1055	3150	2897	2941	2886	38,1	41,5
Høgare grad	237	268	210	270	993	882	887	824	32,3	33,7
Vidareutdanning	61	47	52	87	269	359	281	277	20,6	29,9
Profesjon										
Sum	1196	1338	1220	1412	4412	4138	4109	3987	35,6	39,0

Kandidatar på mastergradsnivå						
	H2004	V2005	2004-05	H2005	V2006	2005-06
Hovudfag	65	69	134	32	49	81
Mastergrad	19	65	84	51	89	140
Sum	84	134	218	83	138	221

Utvekslingsstudentar		
	2004	2005
Innreisande	126	105
Utreisande	147	167
Sum	273	272

Resultatoppnåing	Mål 06	05/06	Avvik
Studiepoeng/årseiningar	2604	2632	28
Kandidatar på mastergradsnivå	217	221	4
Utvekslingsstudentar			
Studiepoeng pr student	39,4	39,0	-0,4

Studenttalet i studieåret var 4048 studentar mot 4270 studentar førre studieår. Det er færre studentar både på lågare og høgare grad. I studieåret har fakultetet arbeidd med rutinar for registrering av permisjonar og heiltid/deltid, og starta ein grundig gjennomgang av studierettar med tanke på å avslutte studierettane til dei studentane som ikkje lenger er

aktive. Det auka fokuset på oppfølging av studentar med ingen eller for låg studieprogresjon har ført til at fakultetet no har meir reelle studenttal, både på lågare og høgare grad.

Fakultetet er registret med fire kandidatar over måltalet for uteksaminerte kandidatar på høgare grad. Det er gledeleg å registrera at studiepoengsproduksjonen går i riktig retning, og at vi for i studieåret ligg 0,4 studiepoeng unna å nå måltalet om 39,4 sp pr student. Det er størst auke i studiepoengsproduksjonen for studentar på lågare grad, og det er denne positive utviklinga som gjer at fakultetet samla sett har ei klår forbetring ifht førre studieår. Utviklinga i studiepoengsproduksjon på masternivå er relativt sett for dårleg, og viser at fakultetet har behov for å setje i verk tiltak her.

Talet på utvekslingsstudentar held seg stabilt sett under eitt. Vi har hatt ei lita auke i utreisande studentar, men det er bekymringsfullt at vi i løpet av dei siste to-tre åra har fått hundre færre innreisande studentar til fakultetet. I fakultetet sin plan for internasjonalisering på utdanningssida er det føreslege tiltak for å betre dette, og fakultetet vil framover prioritere internasjonalisering som eitt av dei viktigaste felta på utdanningssida.

2.3 Fråfall

Fakultetet starta i slutten av studieåret 05/06 ei kartlegging av bachelorprogramma våre. Resultata frå denne viser at vi har ein høg fråfallsprosent på lågare grad. Totalt for alle programma viser tala at 45% av dei studentane vi tok opp i 2003 har avslutta studia sine innan tre år og før dei oppnådde ein grad. 25% fell frå før det har gått to år og 10% i løpet av første studieår. Reknar ein med internovergang til andre studieprogram ved UiB er tala høvesvis 54%, 34% og 14%.

Det er forskjell mellom programma våre, og det som i størst grad skil nokre program frå andre, er talet på studentar som søker overgang til andre studiar ved UiB.

Fakultetet har også i studieåret 05/06 teke kontakt med dei studentane som er forseinka med 30 studiepoeng eller meir, og vi har gode rutinar for oppfølging. Tal frå studieprogramrapporten vår viser at det prosentvis er fleire studentar ved dei tilrettelagde programma som er forseinka enn i dei frie studieprogramma våre, og at denne studentgruppa tilsynelatande har større behov for rettleiing i samband med justeringssamtalar.

3 Kvalitetssikring og utvikling

Hovudpunkt i fakultetets kvalitetssikringsarbeid framover er:

- Utarbeide ny utdanningsstrategi. Fakultetet har prioritert arbeid med grunnlagsmateriale for strategien i 05/06 med vekt på kartlegging gjennom rapporten "Gjennomgang av bachelorprogramma"
- Tiltak retta mot høgare grad
- Internasjonalisering

I tillegg vil fakultetet halde fram med arbeidet på satsingsfeltet førstesemesterstudiet og oppfølging av tilrådingane frå rapport om skriving i studia.

3.1 Eksamen/vurdering

Fakultetet brukar desse vurderingsformene:

- Skuleeksamen
- Munnleg eksamen
- Heimeeksamen
- Mappevurdering
- Ulike formar for undervegsvurdering
- Gruppeeksamen
- Konsertar
- Greidd på grunnlag av frammøte

- Semesteroppgåve
- Justerande munnleg

Det er lagt ned eit stort arbeid frå fagmiljøa i å tilpasse eksamensforma til undervisninga, og fleire har omstrukturert studieløpa for å fordele arbeidsmengda på ein betre måte for studentane. Fakultetet har gjennom styresaker og styringssamtalar hatt fokus på fråfall og høg strykprosent på lågare grad, og fleire av fagmiljøa våre har teke tak i problemet. Eitt av faga har hatt god erfaring med å innføre eksamensførebuande trening, og resultata er betre i faget dette studieåret samanlikna med fjoråret.

3.2 Karakterfordeling

Dei store emna på lågare grad har snittkarakteren på C. På mindre emne med få studentar er det større variasjon, utan at vi kan trekkje nokre eintydige konklusjonar av den grunn. Når me ser desse over tid ligg snittet også på desse rundt C. Eitt institutt skil seg likevel ut ved å ha snitt B på sine lågare grads emne, og dette vil vi diskutere med instituttet i styringssamtalar inneverande studieår.

Snittet på høgare grad er mellom C og B på emnenivå.

Arbeidet med bruk av karakterskalaen og karakterfordeling vert følgt opp av fagmiljøa våre i dei nasjonale fagråda.

3.3 Sensorordning

Nær alle emne ved fakultetet er vurdert med ekstern senior. På masteroppgåva bruker fakultetet kommisjonar med tre sensorar, to interne og ein ekstern.

Fakultetet har motteke fem rapportar frå programsensor på bachelorprogramma og to på undervisningsfag i studieåret 05/06. Rapportane har i all hovudsak teke utgangspunkt i punkta skissert i "Årsrapport frå programsensor" frå Handbok i kvalitetssikring (UiB). Fakultetet har opna for tilpassing av rapportane dersom det har vore ønske om at spesielle felt vart sett på. Rapportane er diskutert i programstyre/fagmiljø og det er meldt inn endringar og tilpassingar i studieprogramma etter programsensors gjennomgong. Vi har valt å samle rapportane på intranett slik at flest mogeleg skal kunne finne fram til dei og gjere nytte av dei .

Fleire fag og program manglar framleis programsensor. Dette arbeider fakultetet med å få på plass. Fakultetet ventar seg fleire programsensorrapportar i komande studieår.

3.4 Evaluering av program og emne. Evalueringsmetodar.

Institutta bruker det elektroniske verktøyet "Kvalitetssikring av universitetsstudia" for institutt- og emnerapportar. Fakultetet har dette studieåret fått ein meir heilskapleg form på evalueringsarbeidet. I fjor sprikte rapportane, både med omsyn til utforming og kvalitet. I år er dei jamt over meir utfyllande og av god kvalitet. Rapportane viser oss at vi har fagmiljø med gode kvalitetssikringsrutinar og med gode og kritiske evalueringsmetodar. Studentevalueringane har ein stor plass i rapportane, og dette viser at studentane sine innspel og tilbakemeldingar er viktige for det studiekvalitetsarbeidet ved fakultetet.

Fakultetet følgjer opplegget skissert i "Intern evaluering av emne" og fagmiljøa evaluerer emne etter ein rulleringsplan. På denne måten vert alle emne evaluert i løpet av ein treårsperiode. Emneansvarleg legg inn evalueringsrapportane i verktøyet, og i år har fakultetet fått inn gode og detaljerte rapportar også på emnenivå.

Eitt av institutta våre bruker no midtvegs- og sluttevaluering som standard, slik at dei på grunnlag av tilbakemeldingar frå studentane kan justere opplegget fram mot eksamen. Eit

anna institutt evaluerer alle emne kvart semester, og legg ut detaljert oversyn over året. Elles er evalueringsmetodane mykje basert på spørreskjema på nett og papir, undevgevaluering i tillegg til gruppesamtalar og individuelle samtalar. "Ein-til-ein"-undervising, som t.d i utøvande musikk og rettleiing i samband med bachelor- og masteroppgåver, stiller oss overfor særskilte utfordringar i samband med evaluering, og dette vil vi arbeide med framover. Institutta melder om manglande interesse frå studentane si side når det gjeld å delta i spørjeundersøkingar.

Fakultetets program vert evaluert etter avtale med programsensor. Fagmiljøa/programstyra avgjer om dei ønskjer ei større evaluering av programmet, eller mindre, temabaserte evalueringar.

3.5 Rammevilkår

I studieåret 2005/06 har Eigedomsavdelinga arbeidd med å oppgradere bygningar knytt til fakultetet, og dette har i særleg grad vore eit problem for dei institutta som høyrer til i HF-bygget. Fleire institutt har måtta flytta ut under oppussinga, og fleire mastergradslesesalar har vore flytta til Sydneshaugen skule på kostnad av lågaregradsplassar. Fakultetet har gjort det som er mogleg for å unngå problem for studentane, og prøvd å finne løysningar. Plassmangel og for små og dårlege undervisningslokale går att i tilbakemeldingar frå institutta.

Det nye UB har vore ein stor ressurs for fakultetet, både som kurstilbydar, læringssenter og lesesal. UB tilbyr 100 lesesalsplassar, 40 med PC. I tillegg har fakultetet dette studieåret utvida timetalet med PC-vakt i dei ordinære PC-romma.

I fleire av instituttrapportane er det uttrykt bekymring over små og sårbare fagmiljø. Få tilsette har mykje undervising og rettleiing, og i periodar er desse fagmiljøa avhengige av vikarar og mellombels tilsette. Delar av studietilbodet vårt er for personavhengig, og det gjer oss sårbare ved t.d permisjonar og forskingstermin. Dette er faktorar som på sikt kan gå ut over kvaliteten på undervisninga og rettleiinga.

Samarbeidet med HFSU er godt , og studentane er representert i utval og arbeidsgrupper.

3.6 Hovudfunn frå evalueringane og tiltak for oppfylging

Den generelle tilbakemeldinga frå institutta er at undervisningsopplegga fungerer tilfredstillande, og rapportane viser at studentane stort sett er nøgde med tilbodet dei får. Studentane etterlyser meir undervising, også på fag som har auka graden av kollokvie- og gruppeundervising. Fag med høge studenttal slit med fråfall, og sjølv om myke av fråfallet skuldast at studentane melder seg opp i for mange emne er fråfallet eit område som fagmiljøa ønskjer å setje vidare fokus på. Tettare oppfølging av studentane og tiltak for å betre det sosiale læringsmiljøet er forslag som er satt opp for å betre resultatane.

Det er i år registert betring av gjennomføringstala på fleire av emna på lågare grad som har slite med høgt fråfall og høg strykprosent. I desse emna har det til dels vorte gitt meir undervising, og eksamensførebuande trening og kollokvieundervising har vore andre grep som har vore med på å betra gjennomføringa.

Eitt av institutta våre har undersøkt studentane sin tidsbruk på studia, og funne at dei bruker i snitt 2 timer kvar dag utanom undervising. Eit fulltidsstudent i historie brukar seks timar for dagen når han/ho tek to emne. Dette er for lite, og viser at resultatane for studentane også må sjåast i samanheng med innsatsen.

Våren 2006 har fakultetet arbeidd med å gjennomgå alle bachelorprogramma våre og utarbeidd ein rapport for status for programma på lågare grad. I rapporten, som byggjer på grunnlagsmateriale som studenttal, gjennomføringsprosent, eigenevaluering frå

programstyre, institutt, administrative koordinatar og studentar, har heile programporteføljen på bachelornivå vorte analysert. Rapporten skal diskuterast og handsamast i studieåret 06/07 og følgjer som vedlegg til utdanningsmeldinga.

Fakultetet har laga ein plan for internasjonalisering på utdanningssida utifrå rapporten "Internasjonalisering innan undervisninga på HF-fakultetet". Ved å setje fokus på utveksling og særleg vårt eige tilbod til utanlandske studentar håpar fakultetet å sjå ei betring av utvekslingsresultata på sikt. Tilrådingane i rapporten er mellom anna at fakultetet må opprette fleire emne på engelsk og andre framandspråk for å vere meir attraktive for innkomande studentar.

Fakultetet har også dette studieåret hatt fokus på skiving i studia, og dette er eit viktig utviklingsarbeid for oss. Vi har starta oppfølginga av tilrådingane i rapporten " Skiving i bachelor-, master- og PhD-programma på HF-fakultetet". Det har vorte arrangert eit seminar for dei vitskapeleg tilsette med rapporten i fokus, og dette seminaret har munna ut i eit framlegg til synleggjering av skiving i alle studie-/emneplanane ved fakultetet. Denne prosessen vil framover gå parallelt med tilpassinga av studieplanane etter det nye regelverket.

3.7 Tiltak retta mot høgare grad

Fakultetet har starta iverksetjing av handlingsplanen for masterutdanninga vår, som m.a har resultert i ein ny mastergradsbrosjyre "Masterstudiet ved Det historisk-filosofiske fakultetet". Brosjyren skal førebu studentane på studiet, og informere studentane om plikter og rettar dei har som studentar på høgare grad. I brosjyren finst det utfyllande informasjon om utdanningsplan, rettleiingskontrakt, utanlandsopphald og permisjon. Brosjyren vert distribuert til alle nye studentar. I tillegg har fakultetet stramma inn permisjonsreglementet, og utvikla betre rutinar for permisjon og registrering av heiltid/deltid.

Tilrådingane i planen er vidare å prøve ut grupperettleiing av masterstudentar (rettleiing i team) i større skala og å setje inn tiltak mot rettleiarane, t.d i form av mentor for nye rettleiarar og større grad av kursing av rettleiargruppa.

Nokre fagmiljø har også starta med førebuande møter for potensielle masterstudentar (studentar på 200-nivå). Siktemålet er å førebu studentane på kva eit masterstudium er og informere dei om forventingar til dei som masterstudentar før dei startar sjølve studiet.

4 Analyse

4.1 Vurdering av studie- og fagtilbodet

Fakultetet har ei stor programportefølje, med mange tverrfaglege og tverrfakultære program. Det er stor aktivitet i fagmiljøa og mange av faga er med i mange program. Nokre fag har opplevd at dei på grunn av deltaking i mange program ikkje har kunna setje i verk kvalitetshevande tiltak innafor eige fag, fordi det ville ha fått konsekvensar for studieløpa til programma dei er involverte i. Fråfallet i løpet av dei treårige utdanningsløpa er stort, og det er store skilnader mellom programma. Dette er m.a noko av bakgrunnen for at fakultetet i slutten av studieåret 05/06 starta ein gjennomgang av programma på lågare grad og no har utarbeidd ein rapport om bachelorprogramma våre. Rapporten skal gjennomgåast hausten 2006, og vi vil då ta stilling til om nokre program skal leggjast ned eller omarbeidast.

Fakultetet vil saman med institutta også vurdere særskilte tiltak for einskilde fag som over lengre tid har slitt med rekruttering, både på lågare og høgare grad. Utvikling av ei større portefølje i emnetilbodet på engelsk eller anna framandspråk er også viktig for fakultetet framover.

4.2 Vurdering av eksamens-/vurderingsformer og sensorordninga

Det er eit kontinuerleg fokus i fagmiljøa på å tilpasse eksamensformene til undervisninga og læringsmål, og fordele arbeidsmengda jamt for studentane gjennom studieløpet. I utdanningsmeldingane til institutta er det fokusert på dette, og tilbakemeldingar frå evalueringane vert følgt opp gjennom t.d studieplanendringar.

Fleire programsensorar har kome til i studieåret, men det er enno ikkje oppnemnt programsensor for alle fag og program. Dette må fakultetet arbeide vidare med. Fakultetet nyttar framleis ekstern sensor i stor, og har ikkje funne grunnlag til å endre på dette så lenge kostnadene ikkje er større enn ved bruk av intern sensor.

4.3 Effekten av kvalitetsarbeidet

Fakultetet har lange tradisjonar for kvalitetsarbeid, og i dette studieåret har fakultetet sett teke eit steg vidare i retning av større fokus på og betre rutinar for arbeidet med studiekvalitet. Vi har samla sett fått betre og meir utfyllande rapportar, og institutta har i studieåret meir systematisk enn tidlegare nytta fleire ulike former for evaluering . Det er gode rutinar for oppfølging av funn i evalueringane, både på fag-, institutt- og fakultetsnivå.

4.4 Vurdering av læringsmiljøet

Ombyggingar har ført til større utfordringar i høve til det fysiske læringsmiljøet enn førre studieår, og framleis melder institutta om problem med å skaffe til veie nok og gode nok undervisinglokale. Her er fakultetet avhengig av eit tett og nært samarbeid med sentrale einingar for å kome ønska frå miljøa våre i møte i større grad. Eit viktig tilskot i studieåret 05/06 er UB sitt tilbod til fakultetet, som har vore eit viktig og positivt bidrag til læringsmiljøet på HF på mange område. Fakultetet ønskjer å utvikle samarbeidet med biblioteket i åra framover. Viktig for det totale læringsmiljøet for studentane våre har den meir systematiske bruken av program møte dette studieåret også vore. Studiestarten dette studieåret var betre tilrettelagt enn tidlegare, med fadderdagen som del av fakultetet sitt offisielle program, og større fokus på kurs i studiemeistring og demonstrasjon av ulike elektroniske verktøy for studentane.

4.5 Resultatoppnåing

Det har vore ei positiv utvikling i studiepoengsproduksjonen ved fakultetet i 05/06, og det er svært gledeleg at auken er så stor på lågare grad. Fakultetet har hatt fokus på gjennomføring på lågare grad i studieåret, og fleire av fagmiljøa har gjort grep som ser ut til å ha ført til auka studiepoengsproduksjon. Vi har også arbeidd med å få eit meir reelt studenttal gjennom å stramme inn permisjonsreglement, registreringar av heiltid/deltid og sletting av ikkje-aktive studierettar, og dette ser ut til å ha hatt effekt på studenttalet. Tala viser oss likevel at vi har store utfordringar i høve til høgare grad, og at vi må ha som siktemål å få studiepoengsproduksjonen og gjennomføringa opp på masterstudia våre framover. Det er også ei utfordring å få utvekslinga opp for fakultetet.

4.6 Samla vurdering

Mykje godt og viktig arbeid med kvalitetssikring føregår i fagmiljøa og på institutta, og dei er dynamiske og utviklingsvillige i arbeidet med studiekvalitet. Fakultetet har i dette og tidlegare studieår hatt fokus på delar av utdanningstilbodet, og laga handlingsplanar og tilrådingar innafor ei rekkje felt. Desse skal vi følge opp i tida framover samstundes som vi for komande studieår og åra framover vil ha ekstra fokus på følgjande prioriterte område:

- Masterutdanning
- Internasjonalisering
- Programportefølje på lågare grad
- Skrivning i studia
- Utdanningsstrategi

Vedlegg: Rapport om bachelorprogramma ved HF-fakultetet